

Til kommunestyrerepresentantane i Selje kommunestyre

I høve saka om hyttefelt på Barmen vil vi som er fastbuande her no gjere eit siste forsøk på å få fram vårt syn på denne saka.

Barmen er ein trygg stad å vakse opp, her kjenner alle kvarandre og vi vil bu her nett av den grunn.

Om det skal komme 12 hytter midt i hjartet av bygda vår så vil det utan tvil føre til store endringar for lokalsamfunnet vårt.

I ei bygd blir ein kjend med naboane sine, men om over halvparten av naboane dine er feriegjestar som er her nokre helger i året, så vil ein ikkje bli like godt/lett kjende med dei og som ein følge av det vil bygda endre karakter.

Det er ikkje utenkeleg at fleire av dei fastbuande vil vurdere å flytte om denne saka går gjennom.

Vi er ikkje i mot auka aktivitet på øya vår, men vi tykkjer at slike store inngrep må vere forankra i ein overordna plan, der innbyggjarane har vore med i planprosessen.

No er det slik at Selje kommune er i gang med arbeidet med ny kommuneplan.

Om kommunestyret no vel å seie ja til ei storstilt utbygging av hytter på Barmen, så betyr det at folket på Barmen ikkje får høve til å delta i denne planprosessen i det heile.

Det kan vel ikkje vere meininga?

Så vil vi gjerne få kommentere uttala frå administrasjonen om at " denne saka no har kome så langt at det er uråd å stogge ho"

Når ei sak blir lagt ut til offentleg ettersyn så er det nettopp fordi dei som blir råka skal få høve til å komme med sine merknadar til saka.

Det er etter at ein har teke omsyn til desse merknadane at saka skal avgjerast. Ikkje før.

Om alt var avgjort på førehand ville det vel ikkje vore naudsynt å legge saka ut til offentleg ettersyn!

Av dei 11 merknadane som har kome inn i denne saka er det 5 som uttalar seg berre negativt, og det må vere verdt å merke seg at Barmen Bygdelag, og Fylkesmannen ved landbruksavdelinga er blant desse. Resten er nøytrale, reint formelle/tekninske uttalar, og 3 av desse er tildels negative. T.d. kommunen sin eigen kommunaltekninske avdeling som kommenterar at det ikkje fins kommunale planer for området.

Å vedta dette hyttefeltet kan heller ikkje seiast å ha så sterke overordna samfunnsinteresser at kommunestyre må å sjå vekk i frå dei klare negative merknadane som er kome inn. Det strir i tillegg mot ynskje om jordvern, som er ei politisk målsetjing

for heile landet.

Vi oppmodar kommunestyrerepresentantane i Selje kommune å tenke over kven det er naturleg og tenleg å ta mest omsyn til i denne saka; -oss som fastbuande her, eller investorar som legg att skatten sin i andre kommunar?

Til slutt vil vi igjen minne dykk på at Selje kommune er i gang med revisjon av kommuneplan og at vi som sagt gjerne vil vere med i den prosessen.